

Blind-Anders, tjære og ultralyd

Olav Duun skildrer i seksbindsverket «Juvikfolke» både urkraften hos de gamle juvikingene og en av deres få svakheter - synet. Først i karakteriseringen av Per Anders, som levde fram til starten av 1800-tallet:


«Han stod berrhua utpå haugen i vestavindsstormen, håret var langt og kvitt og lufsa opp og ned i vinden, den eine drøga etter den andre rente imot han, men han stod som han var rota i berget, stor og akselbrei, litt framlutt av åra; han prøvde å sjå etter båt nordetter med landet, men auga var ikkje stort til lenger, det var berre så vidt han hadde gangsyna. Auga var det første som slo feil i Juvik-ætta, dei var for lysblåe av seg; elles var dei fullføre karar langt opp i åtti-nitti-åra.»

Anders Håberg, sønnesønnen hans, hadde den samme synssvakheten, som etter Olav Duuns beskrivelser kan se ut til å ha vært grå stær. I bind 2 av «Juvikfolke», «Blind-Anders», skaper Duun en scene med antikk tragedieformat der Anders vil lege denne slekts-svakheten i et dramatisk forsøk på selvhelbredelse:

(...) «Det var noko han gjekk og la over. Han ville ta og kurere seg i auga. Han ville ikkje ha denne lyse, blinde skodda imot seg lenger, det heldt visst på og la seg ein tynn skjå over dem, dei var snart som glassauga i hest.

(...) Så lét han det vera den her gongen. Enda han kunne ikkje anna skjønne og til få enn at heit tjæralaug måtte ta vekk denne hinna, og smurte ein med lys [tran] etter, så skulle auga bli gode og mjuke, reint oppyngt.»

(...) «Og no skulle d e t skje. Denne seiga over auga skulle vekk, han trong å sjå, no heretter. Og no hadde han det rette motet. Han stana for og tenkte seg om. Han var rolig, slik han aldri hadde vori det før i heile sitt liv; og enda kjente han det hasta, livet stod reint for og



Olav Duun: Olav Duun skildrer i seksbindsverket «Juvikfolke» både urkraften hos de gamle juvikingene og en av deres få svakheter - synet, skriver artikkelforfatteren. FOTO: NTB SCANPIX

venta på han; sjølv v e r k e t var ugjort og i vente enno; det saug i han, men det uroa han ikkje. Ja ha, no skulle han snart sjå verda som ho var.

Karane var på onna, og kvinnfolka hadde sitt å ståke med, så det høvde godt. Han var borti eldhuset og vermt seg ei skål med tjære, gjorde ho skikkelig heit; så lunka han ei kole med lys og hadde for handa.

(...)

No var tjæra heit nok, slik han brukte henne til sår. Og no bar det til. Han stod med fingeren ned i og kjente etter: det var høvelig dette her no, og fin og truverdig tjære.

(...)

Kaldsveitten måtte han tørke av skallen i einingen. Men det var lett å puste.

Så gjorde han det: Han smurte heite tjæra innpå auga med fingrane, over sjølve augesteinen så godt han fekk det til; han måtte rulle med auga både hit og dit før han var trygg. Ryggen krøktes i været på han, og knea gav seg, men han heldt på til han var ferdig. Da sette han seg på sengekanten.

«Jammen va no det der fullt giftarmål lell», sa han. «Æg ska fertæl dokk det kjentes der det kom. Og ondt ska ondt fordriv! Ja da; det her det går bra det.»

«Massi, Massi!» stønna han ei stund etter, han visste lite kva han sa. Så var det tida å ha på trana. Han famla i kluten og vaska seg over auga. Det tok utor pina ikkje så lite, han var endå god til å gjømme unna skrotet sitt.»

(...)

«Utpå dagen [noen dager senere] sende han bud på Per. (...) Faren snudde seg fram til han, med bind for auga og rundt hovudet.

«Æg vart ussel, æg», sa han. «O-lek, malli o-lek ò.»

(...)

«Ja, no e æg blind, Per!»

En priser seg lykkelig over legevitenskapens framgang siden Anders-Blind-Anders-prøvde å kurere sin grå stær med tjære for 150 år siden, og er ovglad for å bo i velferdsstaten Norge, der en for noen hundrelapper får gjennomført vellykkede ultralydinngrep mot den samme synssvakheten som var uhelbredelig for ikke mange tiår siden, med styrking av denne skribentens både syn og tvisyn som resultat.

Roar Tromsdal, Verdal